



# Stem Raudt i Tysvær



Raudt Tysværs  
valgprogram 2023 - 2027 →

# Raudt i Tysvær vil jobba for at

Tysvær skal vera ein trygg og god kommune å leva, jobba og veksa opp i, og kanskje bli sjuk og gamal i. Ein kommune der alle er like mykje verde og alle vert tekne like godt vare på når det trengst, uavhengig av bakgrunn, alder og personleg økonomi.

Høyrest det ut som ein draum? Nett no er det berre ein draum, eit ynskje og eit mål. Men det er likevel heilt oppnåeleg. Det handlar om politisk vilje til å ta vare på enkeltmenneska der me er og der me bur.

Alle skal behandlast med verdighet og respekt, og alle skal ha høve til å bidra og å utvikla seg.

Ynskjer du deg eit samfunn og ein kommune som gjer sitt for å jamna ut forskjellane og som arbeider for at skattepengane skal koma innbyggjarane til gode?

Då kan du trygt gi stemma di til Raudt.

Kvar stemme tel.

Di stemme kan vera den som avgjør kven som skal styra kommunen vår dei neste fire åra.

Godt val!

## Demokrati og rettferd

Hovudsaka til Raudt, både lokalt og nasjonalt, er å kjempa mot forskjells-Noreg. Me vil vera med på å bygga ei folkerørsle som kan utfordra det rådande økonomiske systemet, kapitalismen. Målet vårt er eit rettferdig, demokratisk og sosialistisk samfunn der folket tek dei viktige avgjerdene, og samfunnet vert bygt nedanfrå og opp.

I dag ser me det motsette.

Marknadsideologien prioriterer profit framfor demokrati, skattelette for dei rikaste framfor allmenne velferdsordninga, og økonomisk vekst framfor klima, miljø og natur.

Då får me auka forskjellar mellom folk og eit samfunn som ikkje er berekraftig. Det økonomiske handlingsrommet til kommunane har vorte svekka over lang tid. Skiftande regjeringar har overført fleire og fleire oppgåver til kommunane utan å auka dei

økonomiske overføringane tilsvarande. Dette går kraftig ut over det lokale folkestyret. Kommunar må kutta i tenestene sine for å leva opp til urealistiske økonomiske rammer, i staden for å utvikla lokalsamfunna.

Raudt vil ikkje ha ein rik stat med fattige kommunar. Difor arbeider me aktivt på Stortinget for å styrka kommuneøkonomien.

Internasjonal solidaritet og fredsarbeid er viktige verdiar for Raudt. Desse verdiane vil me òg lyfta gjennom kommunestyret, mellom anna gjennom å jobba for at Tysvær får ein palestinsk venskapskommune.

#### **RAUDT VIL:**

- halda fram arbeidet med tiltak mot fattigdom for å jamna ut sosiale forskjellar.
- stilla krav om auka statlege overføringar til kommunane. På Stortinget foreslår me å gjera dette gjennom å auka skattane for dei som tener mest, samtidig som me skjermar dei som tener minst.
- at alle tilsette i kommunen skal ha rett til å ytra seg både offentleg og i politiske organ om forhold som gjeld arbeidsplassen sin.
- bruka Ungdomsrådet som ein aktiv samarbeidspartner til kommunestyre, råd og utval, og sørga for at rådet har faktisk innverknad på saker og prosessar som vedkjem dei unge i kommunen.
- styrka frivillige organisasjonar og aktivitet i kommunen gjennom økonomisk stønad og tilrettelegging.
- moderera løn og godtgjersler til kommunedirektør (rådmann), stab, ordførar og politikarar.
- halda på rekkefølgjeprinsippet i utbygging: før store utbyggingsprosjekt med bustader må skuleplassar, velferd, idrettsplassar, infrastruktur og kollektivtilbod vera på plass.
- auka satsane for sosialhjelp, og halda bustønad og andre ekstraordinære utbetalingar utanfor utrekningsgrunnlaget.

## **Likeverd og mangfold**

Raudt går til val for ein open, solidarisk og antirasistisk kommune. Oppgåva til politikarane er å legga til rette for mangfold av menneske i alle aldrar, sørga for likeverd og faktisk høve til å delta i samfunnet, og bygga ein trygg kommune for alle.

#### **RAUDT VIL:**

- samarbeida med frivillige organisasjonar om tiltak mot einsemd.
- etablira eit sosialt bustadtilbod for kjøp og sal utanfor marknaden, for å sikra rimelege bustader til mellom anna unge og einslege.
- laga ein kommunal mangfalds- og integreringsplan med forpliktande tiltak for å

- hindra diskriminering på grunnlag av kjønn, legning, religion, funksjonsevne eller etnisitet og sikra at alle innbyggjarar i Tysvær kommune opplever likeverd og kan ta aktiv del i samfunnet.
- støtta kvinneorganisasjonar, LHBTQ+-organisasjonar og frivillige organisasjonar som arbeider mot rasisme og diskriminering.
  - sikra tilbod om BPA etter ULOBA sine prinsipp og gode tilrettelagde aktivitetstilbod for alle som treng det.
  - fokus på universell utforming i alle utbyggingsprosjekt og utvikling av næringsområde, i kommunale einingar, leikeplassar og turområde i Tysvær.
  - Tysvær kommune skal sørga for god integrering av flyktningar.
  - markera flaggdagane til dei norske minoritetane.
  - bruka råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne som aktive samarbeidspartnarar til kommunestyre, råd og utval, og sørga for at dei har faktisk innverknad på saker og prosessar i kommunen.

## Folkehelse og velferd

Den norske velferdsstaten er bygt på ein sterk offentleg sektor med universelle velferdsordningar. I dag er modellen under sterkt press. Når den offentlege velferda blir svekka, opnar ein for private løysingar for dei som har råd til å betala. Dette fører til større klasseskille mellom dei som kan kjøpa seg tenester og dei som fell utanfor. I tillegg kan nokon tena store pengar på å eiga velferdstilbod, medan andre må betala dyrt for tilbod dei har grunnleggande behov for, for eksempel gjennom eigenandelar.

### **RAUDT VIL:**

- sikra at informasjonen om lavterskelttilbod innan psykisk helse er lett tilgjengeleg, og at tilboda får nok ressursar og kompetanse.
- jobba for tilrettelagde belønningssystem for dei som har kome seg ut av rus.
- opna opp att terapibassenget i Aksdal og tilby gratis bassengtrening til uføre. Tilby bassengtrening på «grøn resept» som habilitering/rehabilitering til langtidssjuke og kronisk sjuke som framleis står i jobb.
- få på plass ein utviklingsplan for satsinga på Nedstrandstunet framover, komplementært med satsinga i Aksdal og andre stader.
- gå mot all privatisering og konkurransesetting av velferdstenester i Tysvær kommune.
- avvisa å bruka kostnadskutt og økonomisk effektivitet som mål for om kommunale velferdstenester er gode.
- styrka jordmortenesta og sikra god kapasitet og kompetanse på helsestasjonane.
- oppretta helsestasjon for eldre.
- styrka førebyggande arbeid mot sjølvmord, overgrep, rusmis bruk og kroppspress.
- sikra at alle born og unge som har tiltak frå barnevernet får god oppfølging frå psykisk helseteam og andre helsetenester.

- sørga for ikkje-religiøse alternativ i rusomsorga.
- arbeida for desentralisert eldreomsorg med sjukeheimspllassar over heile kommunen.
- støtta omsorgssektoren i utviklinga av tilbod som er tilpassa dei faktiske behova til kvar einskild brukar – heime, i omsorgsbustad eller på bu- og behandlingsheim.
- sørga for at sjukeheimar og omsorgsbustader har eigne kjøken som kan servera lokal mat.
- auka talet på helsefagarbeidrarar i kommunen.
- ha en kommunal pott ein kan søka til for å dekka tannlegeutgifter.
- sikra gratis tryggheitsalarmar til alle som har behov for det.

## Barnehage og skule

Utdanning er den viktigaste investeringa kommunen gjer for framtida. Raudt ynskjer barnehagar og skular som stimulerer sjølvtillit, kreativitet og lærelyst hjå born og unge, og gir dei kompetanse til å ta del i samfunnet, utvikla det og endra det. Kampen mot mobbing og utesetjing er sentral.

Kvaliteten i barnehage og skule avheng av ressursane dei får tildelt. Kutt går aller mest ut over dei borna som treng ressursane mest. Mangel på lærarar fører til mykje ekstra arbeid for dei lærarane som er der, i form av faste vikartimar.

Overdriven målstyring byråkratiserer skulen, og fører til at arbeidsdagen for lærarane vert dominert av målinger og rapportering. Fokus kjem på det som kan målast gjennom testar, og ikkje det som tel for å utvikla heile menneske. Det vert mindre tid til borna og klassemiljøet.

Raudt vil kjempa for at alle tilsette i barnehagar og skular skal få tid og høve til å gjera jobben sin best mogeleg, bli lytta til og kunna ytra seg om tilhøva dei jobbar under.

### **RAUDT VIL:**

- auka ressursane per barn i barnehage og skule.
- styrka PPT, spesialpedagogiske ressursar og andre viktige støtteinstansar.
- laga ein opplæringsplan for alle som jobbar med born og unge i kommunen, og gi tilsette høve til etter- og vidareutdanning.
- krevja bemanningsnorm i barnehagar og skular der ein ikkje rekner inn andre tilsette enn dei som jobbar direkte med borna.
- innföra gratis skulemat på alle skular.
- prøva ut ordningar med leksefri og karakterfri skule.
- styrka skulehelsetenesta med fleire helsesjukepleiarar.
- gi høve til arbeidsretta læring til dei som er skuletrøyte.
- redusera foreldrebetalinga for SFO og barnehage, og på sikt gjera det gratis.

- setta av nok pengar til fysiske læreverk.
- følga opp vedlikehald og utbetra uteområda til barnehagar og skular.
- bevara skulestrukturen slik at flest mogeleg får gå på skule nær heimen.
- følga opp forpliktande tiltak mot mobbing og vald i barnehagar og skular.
- oppretta/styrka morsmålsopplæring og arbeidet med norske minoritetar i barnehage og skule.
- sørga for at skulen sine tilbod er for alle – unngå ekskursjonar o.l. som krev foreldrebetalning.
- jobba for at kommunen fasar ut kommersielle barnehagar. Alle nye barnehageplassar i Tysvær kommune skal vera ikkje-kommersielle.
- satsa på miljørettleiarar og/eller andre typar vaksenkontaktar som førebyggande tiltak mot mobbing og vald i barne- og ungdomsskule.
- starta ei forsøksordning der ingen born har skulestart før fylte 6 år.
- forsvara den offentlege skulen, og seja nei til etablering av kommersielle privatskular i Tysvær kommune.

## Arbeidsliv og næring

Raudt står på arbeidsfolka si side for auka grunnbemanning, mot sosial dumping, overstyring og «målemani». I denne kampen er fagrørsla i kommunen den viktigaste samarbeidspartnaren.

Arbeidsfolk må få faktisk innverknad på arbeidskvardagen sin gjennom overordna trepartssamarbeid og formelle møtearenaer på alle arbeidsplassar. Retten til heile faste stillingar må vera det grunnleggande prinsippet i all kommunal verksemد. Kommunen må legga til rette for at alle som ynskjer å ta del i arbeidslivet får høve til det, òg om dei har utfordringar knytt til språk, rus, mental helse eller nedsett funksjonsevne.

Raudt stiller seg positive til teknologiske nyvinningar på arbeidsplassane. Auka bruk av automatisering og kunstig intelligens kan letta arbeidskvardagen for mange og skapa større fridom. Men teknologi kan òg føra til “teknologisk arbeidsløyse” når jobbar blir overflødige. Difor må me alt no sjå etter nye løysingar. Sekstimarsdagen vil kunna fordela arbeid betre, gi betra helse for dei med tungt fysisk arbeid og halda fleire inne i arbeidslivet.

På nasjonalt nivå går partiet inn for forsøk med samfunnsløn/borgarløn.

### **RAUDT VIL:**

- sørga for god grunnbemanning og gode vikarordningar som sikrar tilboden til brukarane og gode arbeidstilhøve for tilsette.
- jobba for å styrka småbruk og legga til rette for endå meir aktivitet innan turisme,

- lokalmat-produksjon osv.
- legga betre til rette for arbeidsplassar i bygdene.
  - gå mot all privatisering og konkurranseutsetting av kommunale tenester.
  - følga opp arbeidet med at heile faste stillingar skal vera norma i alle kommunale einingar.
  - at nye lærarstillingar skal lysast ut som heile faste stillingar frå dag 1.
  - innføra forsøksordning med sekstimars arbeidsdag med full lønskompensasjon.
  - utvikla handlingsplan mot sosial dumping i kommunen i samarbeid med fagrørsla.
  - sikra tillitsvalde og verneombod nok tid til å utføra verva sine.
  - sørga for at det blir stilt krav til tariffavtale og tiltak mot sosial dumping hos alle bedrifter og underleverandørar som får vera med i anbodsrundar i kommunen.
  - at kommunen skal vera aktiv med å tilby lærlingplassar og stimulera lokalt næringsliv til å gjera det same.
  - legga til rette for at ufaglærte kan ta utdanning.
  - sjå sjukefraværet i kommunen i samanheng med grunnbemanning, arbeidspress og arbeidsmiljø, og innføra førebyggande tiltak i samarbeid med fagorganisasjonene.
  - at kommunen skal tilby lavterskelarbeidsplassar slik at alle som ynskjer det skal kunna bidra til og ta del i fellesskapen.
  - styrka trepartssamarbeidet i kommunen med faste møter, faktisk innverknad og innsyn for organisasjonane.
  - sikra at tilsette i primærnæring som får driftstilskudd får løn etter utdanning og kompetanse.

## Kultur og idrett

Kultur og idrett skal være inkluderande, med breidde i tilboda, låg terskel for å vera med og aktivitetar som opner for meistring og utvikling. Dataspel, film, grafisk produksjon, programmering og andre digitale uttrykksformer er òg kultur. Kommunen må ta vare på dei lokale kulturhusa, grenda -og bygdehus, folkebiblioteket, museum, kino og kulturskulen som arenaer for å skapa og oppleva kultur og lokalhistorie. Raudt vil ha utlån og rimeleg utleige av kommunale lokale til kulturaktivitetar.

Born og vaksne skal ha gode friområde og idrettsanlegg, så langt råd er plasserte i nærmiljøet sitt. Idrettsanlegg i nærmiljøet og tilrettelegging for friluftsliv er viktige folkehelsetiltak, og idretten har ei svært viktig rolle som sosial arena for mangfold. Lommeboka skal ikke avgjera om born og unge kan ta del i organisert idrett eller kulturaktivitetar.

### **RAUDT VIL:**

- ha fritidsordning i utkanten – kommunen må styrka fritidstilbodet sitt i bygdene, til dømes med fritidsklubb 1-2 gonger i veka.
- oppretta heile faste stillingar i kulturetaten med særleg ansvar for aktivitetar og

- møteplassar for ungdom, som Avanti.
- auka søkbar pott for kontingenttilskot, slik at tilskotet faktisk dekker heile kontingensten for aktiviteten ein søker til.
  - støtta opp om og utvikla kulturhus som rusfrie møteplassar og fritidsklubbar for born og unge, og som opne kulturverkstader for alle i kommunen.
  - gi økonomisk stønad til lokalt kulturliv og lokale utøvande kunstnarar.
  - styrka kulturskulen og setta ned eigenandelen, med mål om at tilbodet blir gratis.
  - sørga for gode vilkår for drifta av folkebibliotek, med ressursar til meiråpent og tidsavgrensa prosjekt i tillegg til faste personal- og innkjøpsressursar.
  - laga ein plan for å innarbeide e-kultur og e-sport i kommunale fritidstilbod, til dømes gjennom samarbeid med kulturhus og bibliotek.
  - halda oppe det gode kulturtilbodet til eldre i kommunen, både ute i kulturinstitusjonane og gjennom konserter og andre kulturelle innslag på sjukeheim og eldresenter.
  - legga vekt på faglege innspel og gode tilhøve for brukarar av kommunale kultur- og idrettsbygg/anlegg.
  - sikra ressursar til vedlikehald og naudsynt oppgradering av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i heile kommunen.
  - støtta opp om arbeid for inkludering og breidddeidrett i idrettslag og klubbar, til dømes gjennom støtteordningar for utstyr og transport.
  - la idrettsklubbar som eig eigne bygg sleppa å betala kommunale avgifter for dei.
  - legga til rette for og halda ved like turløyper i skog og mark, og sørga for løyper med universell utforming der det lar seg gjera utan for store naturinngrep.
  - ta vare på eksisterande kulturlandskap, historiske område og bygg.

## Klima og miljø

Eit anna uttrykk for det harde grepet til kapitalismen er verknadene på klima og natur. Det er særsviktig å kjempa mot mantraet om evig økonomisk vekst på ein planet med avgrensa ressursar. Klima og natur taper oftast i kampen mot storkapitalen. Raudt må difor vera tydelege på at klimakamp er klassekamp.

Me må sikra at miljø- og klimatiltak er økonomisk progressive slik at dei ikkje rammer dei fattigaste, medan eliten slepp unna. Me vil at Tysvær skal følgja Sabima sine punkt for å bli "naturens drøymekommune". Då krevst mellom anna ein klimaplan med konkrete tiltak som faktisk kuttar utslepp og vernar om naturen og det biologiske mangfaldet i kommunen. Klimaplanen skal gjera det enkelt, praktisk og rimeleg for innbyggjarane å ta miljøvenlege val, og rusta kommunen for framtidige utfordringar.

### **RAUDT VIL:**

- at miljøomsyn skal vera sentrale i den kommunale arealplanlegginga.
- at ein legg vekt på energieffektivisering ved renovering av kommunale bygg.

- satsa på lokal og kortreist mat i kommunale kantiner og institusjonar.
- satsa på å setta opp solcellepanel på offentlege bygg.
- krevja klimagassrekneskap i alle arealplanar, inkludert karbonopptak og utslepp som fylge av endra arealbruk.
- prioritera blomeenger og bievenleg planting i kommunale bed.
- intensivera satsinga på tiltak mot plastforsøpling i sjø og på land.
- ha prøveprosjekt med panteordning for plast.
- fortsetta å ta i bruk miljøvenlege alternativ til plastgranulat på kunstgrasbanar, og sørga for miljøvenleg deponering.

## Natur, samferdsle og infrastruktur:

I mange tiår har jakta på profit og vekst blitt prioritert over menneska si velferd og helse, og over klima, miljø og natur. Store utbyggingar stel leveområda til insekt, dyr og planter. Utslepp av klimagassar og miljøgifter, forsøpling og ukritisk forbruk kveler levegrunnlaget på jorda. Raudt er eit sosialistisk miljøparti, og meiner at den einaste løysinga på naturkrisa er ei radikal endring av levemønster og samfunnsutvikling. Kostnaden ved omstilling av samfunnet må berast av fellesskapen og ikkje dyttast over på individet.

Mange viktige retningsval for naturen blir tekne nasjonalt og på fylkesnivå. Men kommunane kan jobba for ein aktiv og framtidsretta næringspolitikk, god og billig kollektivtransport, miljøvenleg og sosial kommuneutvikling, energieffektivisering og kutt i engine utslepp. Raudt vil stoppa nedbygginga av verdifull natur og matjord, og få oppdrettsnæringa over i lukka, helst landbaserte anlegg.

### **RAUDT VIL:**

- sei nei til alle former for vindkraftprosjekt i kommunen.
- jobba for eit betre busstilbod i kommunen.
- ha taxi i bygdene. Kommunen må sjå på anbodsreglane og setja inn tiltak for å unngå situasjonar som i Nedstrand, der eit selskap utanfor kommunen vant taxianbodet.
- jobba for fleire avgangar for ferjer og hurtigbåt, slik at tilboden vert eit faktisk alternativ for privatpersonar og næringsliv. Fortsetta elektrifisering av båttilboda.
- at Tysvær kommune skal ha ein aktiv næringspolitikk som speglar kompetansen hjå lokal industri, maritim industri, olje- og gasssektoren og underleverandørar til desse, og tek ei leiarrolle i utviklinga av fornybarsamfunnet. Kommunen må støtta opp om prosjekt med miljøvenlege arbeidsplassar.
- laga verneplanar for viktige biotopar og stå fast ved eksisterande jordvernsplanar.

- sikra eksisterande kystkulturlandskap, llynghieier og våtmark, fjerna sitkagran og setja inn tiltak for restaurering av myr og våtmark der det er mogeleg.
- at naturkonsekvensar skal kartleggast før alle utbyggingar og ha avgjerande vekt i godkjenningsprosessen.
- at omsynet til born og unge, og til klima og miljø skal vega tungt i utbyggingssaker.
- sei nei til bompengar. Utbygging og vedlikehald av vegar skal finansierast via skattesystemet.
- at Tysvær kommune gjennom medeigarskapen i Haugaland Kraft skal påverka slik at selskapet prioriterer samfunnsnytte framfor profit.
- arbeida for nasjonal plan og kostnadsdeling for vatn og avløp.

## Landbruk

Berekraftig landbruk og auka sjølvforsyning er viktigare enn nokon gong. I dag er landbruket under stort press, og færre ynskjer å arbeida som bønder. Kommunen har eit ansvar for å skapa bode rammetilhøve for landbruket, så bonden kan fokusera på å vera bonde. Raudt ynskjer eit landbruk med god dyrevelferd, som tek vare på kulturlandskapen og er med på å sikra biologisk mangfald.

Høgt produksjonspress, trøng økonomi og lange arbeidsdagar fører til ein stressande arbeidssituasjon som går ut over mange bønder si psykiske helse. Raudt vil at bonden skal ha ei lønn å leva av og ein arbeidsplass som fremjer god helse. God dyrevelferd starter med at bonden har det godt.

# Vår valgliste:

1. Ma Rita Rolfsdatter, Førre, f. 1972
2. Barbro Karine Haugen, Førre, f. 1988
3. Colin Nordgård, Tysværvåg, f. 1987
4. Kari Anne Hagland, Førre, f. 1982
5. Odd Erik Salvesen, Nedstrand, f. 1967
6. Einar Heskja, Tysværvåg, f. 1961
7. Geir H. Stangeland, Førre, f. 1982
8. Ove Stumo, Førre, f. 1951



Rødt



#### BLI MED PÅ LAGET

Scan QR-koden med mobilen eller se [rødt.no/bli-medlem](http://rødt.no/bli-medlem) for å melde deg inn.

#### FØLG OSS PÅ FACEBOOK

 [facebook.com/rodthaugaland](https://facebook.com/rodthaugaland)